



Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Møtestad:	Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato:	11.12.2017
Tid:	09:00

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post til politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no
Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert **julelunsj** på møterommet frå ca. kl. 11.30.

Orientering i møtet

- Kl. 09.00 – 09.45: om digitalisering og kommunar, nasjonalt og regionalt v/ Kjetil Århus, direktør for digitalisering og innovasjon i Bergen kommune.

Straume, den 4.desember 2017.

Kari-Anne Landro (s)
Leiar

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 39/17	Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll
PS 40/17	Referatsaker og orienteringar - 11.12.17
RS 3/17	Referat - møte i partssamansett utval 21.11.2017
PS 41/17	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda - 11.12.17
PS 42/17	Partssamansett utval - val av politiske varamedlemmer
PS 43/17	Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2018-2019, og årsprognose økonomi per november 2017
PS 44/17	Søknad frå kyrkjeleg fellesnemnd
PS 45/17	Korleis sikre ein god samanslåingsprosess? - Tilbakemelding og konkretisering av suksesskriterium
PS 46/17	Arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet
PS 47/17	Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 11.desember 2017



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 016
Saksmappe: 2017/4790-30144/2017
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 30.11.2017

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
39/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	11.12.2017

Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll



SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
40/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	11.12.2017

Referatsaker og orienteringar

Orienteringar

- 09:00 – 09:45 – presentasjon om digitalisering og kommunar, nasjonalt og regionalt v/ Kjetil Århus, direktør for digitalisering og innovasjon i Bergen kommune.
- Status frå prosjektleiar Paul J. Manger.
- Informasjon om administrativ arbeidsgruppe for ny matrikkel v/ prosjektleiar Paul J. Manger.

Referatsaker

- RS 3/17 Referat frå møte i partsamansett 21. november 2017
- Oppdatert møteplan 2018 for oppnemnte utval (vedlegg)
- Brev frå fylkesmannen om fråsegn til kommunane sine budsjett og økonomiplanar (vedlegg)
-
-



MØTEPLAN 2018 FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Månad	FN Fellesnemnda	PSU Partssamansett utval	Utval for eigarskapsmodellar	Utval for politisk styringsstruktur	Arbeidsgruppe Lokaldemokrati og identitet
Desember -17	11		12*		19
Januar	22	10*	4, 25	11*, 30	
Februar	19	20	15	20	
Mars	19		8, 22	20	
April	16	17			
Mai	28				
Juni	18	12			
Juli					
August					
September	10				
Oktober	15	2			
November	19				
Desember	17	11			

Merk at innkallingar, referat og andre saksdokument for dei ulike utvala og arbeidsgruppene vert lagt ut på Nye Øygarden kommune si heimeside

<http://www.nyeoygardenkommune.no/>

FN: Fellesnemnda (måndagar)	kl. 09:00 – 12:00
PSU: Partssamansett utval (tysdagar)	kl. 09:00 – 11:00
Utval for eigarskapsmodellar (torsdagar)	kl. 09:00 – 12:00
Utval for politisk styringsstruktur (tysdagar)	kl. 14:30 – 17:00
Arbeidsgruppe – Lokaldemokrati og identitet	kl. 08:30 – 12:00

**Dersom det er behov så set utvala opp møter på andre vekedagar enn når dei vanlegvis har møta sine, jf. møteplanen.*

Skulane sin vinterferie: 26.februar – 2.mars (veke 9)

Påske: 25.mars (palmesøndag) – 2. april (2. påskedag)

Skulane sin haustferie ikkje avklart, men vert truleg i **veke 41 (8. – 12.oktober).**



Fellesnemnda for
Nye Voss kommune
Nye Ullensvang kommune
Nye Øygarden kommune
Alver kommune
Bjørnefjorden kommune

Fellesnemnda og fråsegn til kommunane sine budsjett og økonomiplanar

Med heimel i inndelingslova § 26 skal fellesnemnda gi fråsegn til departementet om årsbudsjettet for 2018 m/økonomiplan og årsbudsjettet for 2019 m/økonomiplan, slik dei er vedtekne av kommunestyra i kommunane i samanslåinga. Fylkesmannen er mottakar av fråsegnene frå fellesnemnda om årsbudsjett og økonomiplan for kommunane etter delegeringsvedtak av 10. 03. 2017.

Fellesnemnda skal vidare ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk, det vil seie budsjettet for 2020 m/økonomiplanen for 2020 - 2023 for den nye kommunen.

Fylkesmannen ber om å få tilsendt fråsegn etter at kommunestyra har gjort vedtak for budsjettet for 2018 og økonomiplanen for perioden 2018 - 2021. Det er viktig at fellesnemnda i fråsegna legg vekt på:

- at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen
- vurdere om dei vedtekne investeringane er i samsvar med framtidige behov for tenester og at investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen. Det er viktig at den nye kommunen har eit solid økonomisk handlingsrom for å innfri forventningane dei første driftsåra.

Frist for å gi fråsegn for budsjettet for 2018 og økonomiplanen for 2018 - 2021 er innan 01. februar 2018.

På grunnlag av kommunane sine budsjett og økonomiplanar tilrår vi at fellesnemnda så tidleg som mogleg startar arbeidet med å førebu budsjett for den nye kommunen. Det er viktig at fellesnemnda er godt førebudd til å utarbeide eit framlegg til budsjett og økonomiplan for perioden 2020 - 2023.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Håvard Rød
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Dato: 21.11.2017
Vår ref.: 2017/4802 - 28935/2017
Ark.kode: 016

Møtereferat

Møte nr. 1 i: Partssamansett utval	Dato: 21.11.2017	Tid: Kl. 09.00 – 09.40
Møteleiar: Kari-Anne Landro	Stad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
Medlemer som møtte: <i>Frå Fellesnemnda Fjell:</i> Marianne Sandahl Bjørøy (AP), Tom Georg Indrevik (H), Anita G. Johannessen (FrP). <i>Frå Fellesnemnda Sund:</i> Kari-Anne Landro (H), Nils Kåre Skoge (H). <i>Frå Fellesnemnda Øygarden:</i> Børge Haugetun (TVØ), Silvia Haugland (TVØ), Espen Harkestad (AP). <i>Frå dei tillitsvalte Fjell kommune:</i> HTV Nina Zandstra (Utdanningsforbundet), HTV Bodil Aleksandersen (Fagforbundet). <i>Frå dei tillitsvalte Sund kommune:</i> HTV Cathrine Olsen (Utdanningsforbundet), HTV Hildegunn Høyland (Fagforbundet). <i>Frå dei tillitsvalte Øygarden kommune:</i> HTV Vibecke Hodnekvam (Utdanningsforbundet), HTV Solveig D. Rong (Fagforbundet).	Forfall: <i>Frå Sund:</i> Jogeir Sognnæs (AP) – ingen vara.	
Andre: Hovudtillitsvalte med møte- og talerett – Jana Wietschorke og Lars Sverre Hausnes; prosjektleiar Paul J. Manger.		
Referent: Unni Rygg		

Saksnr	Sakstittel
1/17	<p>Godkjenning av innkalling og sakliste</p> <p>Det var 14 medlemmer av utvalet til stades i møtet.</p> <p>Innkallinga og saklista vart godkjent med følgjande merknader:</p> <p>Det bør vere ein eigen post på saklista der medlemene i partssamansett utval kan stille spørsmål. Fram til neste møte vil det bli vurdert korleis ein skal ivareta og handtere spørsmål frå medlemmene i utvalet.</p> <p>Saksframlegga bør ha utvalsnummer og utval med på framsida. Prosjektleder Paul J. Manger viste til at det vert prøvd ut kva type innkalling som vil vere mest tenleg for partssamansett utval, og at utvalet vil få møteinnkallinga på sams måte som fellesnemnda frå og med neste møte 10.januar 2018.</p>
2/17	<p>Referatsaker:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utkast til referat frå drøftingsmøte 13.11.17 – sjå vedlegg <p>Hovudtillitsvald Hildegunn Høyland ynskte å ha med følgjande presisering i utkastet til referat frå drøftingsmøte, siste avsnitt: «Det vil seie at fire hovudtillitsvalde frå kvar kommune deltek på drøftingsmøta framover». Prosjektleder Paul J. Manger viste til at denne presiseringa vil takast med i referatet frå drøftingsmøtet 13.11.17.</p> <p><u>Spørsmål frå medlemene i partssamansett utval (PSU):</u></p> <p>Hildegunn Høyland; Høyland viste til saka om milepelsplan for prosjektet Nye Øygarden kommune som vart behandla i fellesnemnda 20.11.17. Høyland ynskte meir informasjon om prosessane rundt milepelsplanen punkt 18 «Samordning og koordinering av ulike fagsystem» som skal drøftast og avklarast til neste møte i fellesnemnda, og punkt 24 «Kommunal infrastruktur. Kartlegging og vurdering» som skal drøftast og avklarast innan 1.kvartal 2018. Prosjektleder Paul J. Manger viste til at milepelsplanen er eit arbeidsdokument og at det førebels ikkje er avklart noko meir enn kva som står skrive. Samstundes viste Manger til at alle sakene i milepelsplanen vil ha same framgangsmåte – fyrst vert dei lagt fram for tillitsvalde i informasjonsmøte med påfølgjande drøftingsmøte før dei vert behandla i partssamansett utval og i fellesnemnda. <i>Leiar Kari-Anne Landro konkluderte med at milepelsplanen for prosjektet Nye Øygarden kommune heretter vert lagt fram som referatsak til alle møta i partssamansett utval.</i></p>
3/17	<p>Partsförhold og førebels arbeidsgruppestruktur</p> <p>Hovudtillitsvald Vibecke Hodnekvam stilte spørsmål ved korleis dei hovudtillitsvalde, som er 100 % frikjøpte, kan godtgjeras for tida dei brukar i nedsette arbeidsgrupper for prosjektet Nye Øygarden kommune. Etter ein lengre diskusjon vart utvalet samde om følgjande nytt punkt 3 til innstillinga, skissert av Silvia Haugland:</p>

3. Partsamansett utval (PSU) ynskjer ei oppstilling av korleis ein kan løysa utfordringa med 100% frikjøpte tillitsvalde som skal delta i arbeidsgruppene. Det kan vera aktuelt med anna type kompensasjon i tillegg til frikjøp.

Innstillinga punkt 1 og 2, og nytt punkt 3, vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i partssamansett utval – 21.11.2017:

1. Partsamansett utval (PSU) vedtek bruk av hovudsamanslutningsmodellen som mal for partsforhold i arbeidet med å etablere Nye Øygarden kommune.
2. Partsamansett utval (PSU) vedtek framlagt forslag til struktur for arbeidsgrupper som skal oppnemnast.
3. Partsamansett utval (PSU) ynskjer ei oppstilling av korleis ein kan løysa utfordringa med 100% frikjøpte tillitsvalde som skal delta i arbeidsgruppene. Det kan vera aktuelt med anna type kompensasjon i tillegg til frikjøp.

4/17 Arbeidet med omstillingsavtale

Prosjektleder Paul J. Manger la fram forslag til namn på medlemmer til arbeidsgruppa for omstillingsavtaler, som arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta har sendt inn til han, i tillegg til namn på arbeidsgjevarrepresentantar som kom fram i saksframlegget:

Medlemmer frå arbeidsgjevar (3):

- Personalsjef Per Helge Martinsen, Øygarden kommune
- Personalsjef Lisbeth Grosvold, Fjell kommune
- Personalsjef Kaja C. Pedersen, Sund kommune

Medlemmer frå hovudsamanslutningane (4):

- Hovudtillitsvald (HTV) Bodil Aleksandersen, Fagforbundet Fjell kommune
- Hovudtillitsvald (HTV) Vibecke Hodnekvam, Utdanningsforbundet Øygarden kommune
- Hovudtillitsvald (HTV) May Britt Hansen, Delta Sund kommune
- Hovudtillitsvald (HTV) Lars Sverre Hausnes, Akademikarane Fjell kommune

Varamedlemmer frå hovudsamanslutningane (4):

- 1) Tillitsvald Kristoffer Barhaug, Akademikarane Fjell kommune
- 2) Tillitsvald Hanne Opsal, Akademikarane Fjell kommune

Medlem frå hovudverneomboda (1):

- Hovudverneombod (HVO) Trude Erstad Villanger, Fjell kommune

Det er berre arbeidstakarorganisasjonen Akademikarane Fjell kommune som førebels har meldt inn namn på varamedlemmer (2). Dei resterande arbeidstakarorganisasjonane / vernetenesta / arbeidsgjevar kan levere namn på varamedlemmer til neste møte i partssamansett utval.

Partsamansett utval godkjente samrøystes alle framlegga til namn på medlemmer / varamedlemmer til arbeidsgruppa for omstillingsavtaler.

Vedtak i partssamansett utval – 21.11.2017:

Følgjande medlemer og varamedlemer vert oppnemnt i arbeidsgruppe som skal arbeide med omstillingsavtaler;

Arbeidsgjevar – medlemer:

Personalsjef Per Helge Martinsen, Øygarden kommune

Personalsjef Lisbeth Grosvold, Fjell kommune

Personalsjef Kaja C. Pedersen, Sund kommune

Hovudsamanslutningane – medlemer:

Hovudtillitsvald (HTV) Bodil Aleksandersen, Fagforbundet Fjell kommune

Hovudtillitsvald (HTV) Vibecke Hodnekvam, Utdanningsforbundet Øygarden kommune

Hovudtillitsvald (HTV) May Britt Hansen, Delta Sund kommune

Hovudtillitsvald (HTV) Lars Sverre Hausnes, Akademikarane Fjell kommune

Hovudsamanslutningane – varamedlemer:

1) Tillitsvald Kristoffer Barhaug, Akademikarane Fjell kommune

2) Tillitsvald Hanne Opsal, Akademikarane Fjell kommune

Hovudverneomboda – medlem:

Hovudverneombod (HVO) Trude Erstad Villanger, Fjell kommune

5/17 Møteplan for partssamansett utval 2018

Leiar Kari-Anne Landro viste til at partssamansett utval sin møteplan for 2018 vart godkjent i møtet i fellesnemnda 20.11.17, sak 38/17, med endring av oktobermøtet frå 9.oktober til 2.oktober.

Prosjektleiar Paul J. Manger viste til førre sak, 4/17 «Arbeidet med omstillingsavtaler», der det er skissert møte i partssamansett utval februar 2018 utan at det har blitt teke med i møteplanen for utvalet. Manger foreslo eit ekstramøte i partssamansett utval tysdag 20.februar 2018, noko som utvalet var samde i.

Vedtak i partssamansett utval – 21.11.2017:

Godkjent møteplan for partssamansett utval 2018;

- Onsdag 10. januar
- Tysdag 20.februar
- Tysdag 17. april
- Tysdag 12. juni
- Tysdag 2. oktober
- Tysdag 11. desember

Alle møta vert haldne på Skjenet 2 mellom kl. 09:00 – 11:00



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv:
Saksmappe: 2017/5634-29781/2017
Sakshandsamar: Sølvi Fotland Spilde
Dato: 27.11.2017

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
41/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	11.12.2017

Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda



SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
42/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	11.12.2017

Partssamansett utval - val av politiske varamedlemmer

Samandrag av saka:

Det vart i fellesnemnda sitt møte 02.10.17, sak 7/17, valt medlemmer til partssamansett utval. Det vart då for dei politiske representantane, berre valt medlemmer og ikkje varamedlemmer.

Det skal i denne saka difor veljast varamedlemmer for dei politiske representantane i partssamansett utval og det er i innstillinga lagt opp til personlege varamedlemmer. Fellesnemnda må sjølv avgjere om det er meir aktuelt med numerisk liste over varamedlemmer.

Innstilling:

Partssamansett utval skal ha følgjande personlege varamedlemmer frå fellesnemnda:

Frå Fjell

- **Vara** for *Marianne Sandahl Bjorøy*:
- **Vara** for *Tom Georg Indrevik*:
- **Vara** for *Anita G. Johannessen*:

Frå Sund

- **Vara** for *Kari-Anne Landro*:
- **Vara** for *Nils Kåre Skoge*:
- **Vara** for *Jogeir Sognnæs*:

Frå Øygarden

- **Vara** for *Børge Haugetun*:
- **Vara** for *Silvia Haugland*:
- **Vara** for *Espen Harkestad*:

Straume, den 04.12.2017

Paul J. Manger
Prosjektleder

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Det vart i fellesnemnda den 02.10.17 gjort slikt vedtak om val av medlemmer til partssamansett utval:

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

1. *Partssamansett utval skal ha følgjande medlemmer frå fellesnemnda:*

Frå Fjell

- *Marianne Sandahl Bjorøy*
- *Tom Georg Indrevik*
- *Anita G. Johannessen*

Frå Sund

- *Kari-Anne Landro*
- *Nils Kåre Skoge*
- *Jogeir Sognnæs*

Frå Øygarden

- *Børge Haugetun*
- *Silvia Haugland*
- *Espen Harkestad*

2. *Partssamansett utval skal ha følgjande medlemmer frå dei tillitsvalde:*

Fjell kommune:

Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Nina Zandstra

Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Bodil Aleksandersen

Varamedlem:

Sund kommune:

Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Cathrine Olsen

Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Hildegunn Høyland

Varamedlem: Delta ved hovudtillitsvald May Britt Hansen

Øygarden kommune:

Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Vibecke Hodnekvam

Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Solveig D. Rong

Varamedlem: Delta ved hovudtillitsvald Anne Grethe Andersen

3. *Møteplan hausten 2017 og januar 2018 for partssamansett utval:*

- *Onsdag 8. november kl. 09.00 - 11.00*
- *Onsdag 10. januar kl. 09.00 - 11.00*

Det vart for partssamansett utval sine politiske medlemmer, ikkje valt varamedlemmer. Det skal difor i denne saka veljast varamedlemmer. I innstillinga er det lagt opp til val av personlege varamedlemmer, men fellesnemnda avgjer sjølv kva organisering varamedlemmene skal ha, og om numerisk liste er meir aktuelt.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
43/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	11.12.2017

Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2018-2019, og årsprognose økonomi per november 2017

Samandrag av saka:

I tråd med inndelingslova § 15 vert tilskot til dekking av eingongskostnader gjort etter ein standardisert modell. Departementet har utbetalt kroner 35,9 millionar i tilskot til kommunane Fjell, Sund og Øygarden for å dekke eingongskostnader i kommunereforma. Midlane er etter vedtak i førebels fellesnemnd utbetalt til Fjell kommune.

Årsprognose lagt fram i saka er midlar brukt av fellesnemnd og prosjektorganisasjonen fram til og med desember 2017. Budsjett for åra 2018 og 2019 er lagt fram for fellesnemnda for godkjenning.

Innstilling:

Fellesnemnda tar årsprognose 2017 til orientering. Fellesnemnda godkjenner framlegg til budsjett for fellesnemnda for åra 2018 og 2019. Budsjettet vert tatt opp til vurdering og revidering gjennom prosjektperioden.

Straume, den 04.12.2017

Paul J. Manger
Prosjektleder

Dokument vedlagt saka:

Sjå følgjande adresse for meir informasjon om tilskot til kommunereforma:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Hvorfor-kommunereform/Ovrige-tiltak/id759720/>

Saksopplysningar:

Årsprognose for 2017 omfattar midlar brukt av førebels fellesnemnd i 2016 og 2017, og midlar brukt av fellesnemnd og prosjektorganisasjonen hausten 2017 og fram til årsskiftet 2017/2018. Løn prosjektleiar og frikjøp administrative ressursar frå dei tre kommunane til prosjektet vert fordelt gjennom prosjektperioden. Det same gjeld løn andre personressursar som måtte kome gjennom prosjektperioden.

Tilskot til eingongskostnader vert foreslått fordelt gjennom prosjektperioden på denne måten:

	prognose 2017	budsjett 2018	budsjett 2019
1. Personressursar i prosjektet	1 650 000	6 400 000	4 500 000
2. Driftskostnader organisasjon	440 000	1 500 000	1 500 000
3. Digitalisering	800 000	800 000	1 200 000
4. IKT-drift / infrastruktur	190 000	3 500 000	3 500 000
5. Juridisk kompetanse		700 000	500 000
6. Frikjøp og arbeidsgrupper for tillitsvalde	180 000	1 200 000	800 000
7. Disposisjon for fellesnemnda	540 000	3 500 000	2 500 000
Sum	3 800 000	17 600 000	14 500 000

Nærare om dei ulike budsjettpostane:

- 1) Personressursar utgjer om lag 4,5 årsverk i 2017, om lag 6,0 årsverk i 2018 og om lag 4,0 årsverk i 2019. Prosjektleiar si løn er inkludert i desse tala. Spørsmål knytt til ressursar som trengst til arbeidet i prosjektorganisasjonen vil verte vurdert gjennom heile prosjektperioden.
- 3) Driftskostnader organisasjon vil vere kostnader utanom løn knytt til m.a. personressursar i prosjektet. Det kan vere reiser til seminar og konferansar, besøk til sentrale organ og andre kommunar, samt innkjøp relatert til det arbeidet som skal utførast i prosjektet. For 2017 gjeld dette òg kostnader til kontormøblar til prosjektorganisasjonen sine lokalitetar på Skjenet 2.
- 4) Digitalisering vil i tida som kjem skape nye måtar å levere og tilby offentlege tenester på, og vil vere ein viktig drivkraft for å forenkle og forbetre offentlig sektor. KS har utarbeidd ein digitaliseringsstrategi for kommunar og fylkeskommunar. Denne strategien set mål for arbeidet som skal gjerast fram mot 2020. Bidrag til KS sitt digitaliseringsarbeid (ref. vedtak i fellesnemnda) er inkludert her i årsprognose for 2017.

- 5) I dag har dei tre kommunane ulike system og ordningar når det gjeld IKT. Det vil vere naudsynt å bygge opp ein felles infrastruktur og plattform for Nye Øygarden kommune, jf. kartlegging som har vorte utført. Budsjettmidlar vil gå til maskinvare og programvare, samt kompetansehevande tiltak. Kostnader til personressursar vert dekkja gjennom budsjettpost 1.
- 6) På fleire område vil det vere behov for juridisk kompetanse undervegs i prosessen. Innkjøp av juridisk kompetanse vil verte vurdert i kvart enkelt tilfelle som er til vurdering. Innkjøpsområdet og kontraktar er éit område det det vil vere behov for juridisk kompetanse av ulik art.
- 7) Tillitsvalde vil ha ein viktig funksjon i prosessen fram mot samanslåing. Budsjettposten er knytt til dei seks tillitsvalde som er representantar i partsamansett utval som er frikjøpt i 20% stilling dekkja av budsjett for fellesnemnda. I tillegg kjem deltaking og kostnader knytt til ulike arbeidsgrupper som vil verte oppretta i den vidare prosessen.
- 8) Fellesnemnda vil ha behov for ein budsjettpost til bruk for tiltak av ulik art i samanslåingsprosessen. Det kan vere tilskot til organisasjonar, arrangement og samlingar, samt kompetanse- og kunnskapsutvikling.

Vurdering:

Prosjektleder anbefaler at budsjettet vert tatt opp til vurdering og revidering gjennom prosjektperioden. Frå prosjektleder si side er det viktig å peike på at dette ikkje er eit ordinært framlegg til budsjett. Anslaga i framlegget er låge på dei ulike postane. Prosjektleder si vurdering er at tilskotet frå departementet på 35,9 millionar ikkje vil dekke alle kostnader med å etablere den nye kommunen fram mot 2020. På noverande tidspunkt er det ikkje mogleg å fastlegge kostnader i detalj. Fleksibilitet mellom budsjettpostane er naudsynt og budsjettet vil verte oppdatert kontinuerleg.



SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
44/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	11.12.2017

Søknad frå kyrkjeleg fellesnemnd

Samandrag av saka:

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden slår seg saman frå 1.1.2020. Som følge av dette vert dei kyrkjelege fellesråda òg slått saman. Det er tre stabar med i overkant av femti medarbeidarar som skal utgjere det nye samla kyrkjelege fellesrådet.

Dei tre kyrkjelege fellesråda mottar i dag støtte frå sine respektive kommunar til drift av organisasjonane. Dette vil framleis vere tilfelle i åra fram mot 1.1.2020. Det er viktig å få til ein god samanslåingsprosess mellom dei tre kyrkjelege fellesråda slik at den nye kyrkjelege organisasjonen er på plass når Nye Øygarden kommune vert etablert.

Innstilling:

Fellesnemnda løyver kr 300 000 i 2018 og kr 300 000 i 2019 til kyrkjeleg fellesnemnd som tilskot til arbeidet med å slå saman og etablere ein ny kyrkjeleg fellesorganisasjon for Nye Øygarden kommune.

Straume, den 04.12.2017

Paul J. Manger
Prosjektleder

Dokument vedlagt saka:

- Søknad
- Prosjektplan

Saksopplysningar:

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden slår seg saman frå 1.1.2020. Som følgje av dette vert dei kyrkjelege fellesråda òg slått saman. Kyrkjelova § 5 seier følgjande: *«I hvert sokn skal det være et menighetsråd. I kommuner med flere sokn skal det i tillegg være et kirkelig fellesråd»*

Samanslåing av dei kyrkjelege fellesråda følgjer dei same prinsippa som for kommunesamanslåinga og det er utarbeidd ein eigen rettleiar for dette arbeidet. Det er oppretta ei kyrkjeleg fellesnemnd og ein prosjektorganisasjon.

Kyrkjeleg fellesnemnd i Sund, Fjell og Øygarden søker fellesnemnda for Nye Øygarden kommune om tilskot til arbeidet med utgifter til å etablere ei kyrkjeleg fellesnemnd, ref. punkt 7.9 i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar: *«Utgifter til sammenslåing av kirkelige fellesråd dekkes innenfor departementets støtte til dekning av kommunenes engangskostnader i reformen»*

Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune disponerer eit totalbudsjett på kr 35,9 millionar kroner som skal dekke alle eingongskostnader ved kommunesamanslåinga fram mot 2020. Løyvinga kjem frå sentralt hald etter ein standardisert modell. Sjå òg sak om budsjett.

Kyrkjeleg fellesnemnd søker kommunal fellesnemnd om ei rammeløyving på **kr 2.944.000** for heile prosjektperioden frå og med november 2017 til og med desember 2019. Vedlagt søknaden ligg ein prosjektplan for samanslåing av fellesråda. Viktige punkt i prosjektplanen er kulturbygging, harmonisering og hensiktsmessig drift og organisering, samt digitale system og IKT-løysingar.

Det er tre stabar med i overkant av femti medarbeidarar som skal utgjere det nye samla kyrkjelege fellesrådet. Dei tre kyrkjelege fellesråda mottar i dag støtte frå sine respektive kommunar til drift av organisasjonane. Dette vil framleis vere tilfelle i åra fram mot 1.1.2020. Kyrkjeleg fellesnemnd er opptatt av at det kyrkjelege systemet ikkje vert hengande etter i samanslåinga av dei tre kommunane. Det er viktig å få til ein god samanslåingsprosess slik at den nye organisasjonen møter førebudd til den nye tida ved inngangen til 2020. I søknaden er det gjort greie for at prosjektorganisasjonen for ny kyrkjeleg fellesnemnd er henta frå dei tre organisasjonane som er i dag slik at mannskapet kan brukast alternativt mellom prosjekt og drift.

Vurdering:

Prosjektleiar vurderer at det er viktig for fellesnemnda for Nye Øygarden kommune å støtte opp økonomisk med eit tilskot til samanslåinga og etableringa av ein ny kyrkjeleg fellesorganisasjon for Nye Øygarden kommune.

Kyrkjeleg fellesnemnd søker kommunal fellesnemnd om ei rammeløyving på kr 2.944.000 for heile prosjektperioden fram mot 1.1.2020. Prosjektleiar har i si vurdering lagt vekt på at det må skiljast mellom den støtta dei tre kyrkjelege fellesråda mottar frå dei tre kommunane i dag og fram til 1.1.2020, og den støtta som vert foreslått gitt som eit tilskot frå fellesnemnda for Nye Øygarden kommune.



Kommunal fellesnemnd
Skjenet 2
5354 Straume

Dato: 24.10.2017

Vår ref: 17/00095-20

Dykkar ref:

Søknad til kommunal fellesnemnd om prosjektmidlar

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden slår seg saman frå 1.1.2020. Som følgje av dette vert fellesrådsområda også slått saman.

Kyrkjelova § 5: «Soknets organer. I hvert sokn skal det være et menighetsråd. I kommuner med flere sokn skal det i tillegg være et kirkelig fellesråd»

Samanslåing av fellesråda følgjer dei same prinsippa som for kommunesamanslåinga og det er utarbeida ein eigen rettleiar av KA for dette arbeidet. Det er oppretta ei kyrkjeleg fellesnemnd og ein prosjektorganisasjon. Kostnaden med samanslåing av fellesråda skal dekkast av midlar som kommunal fellesnemnd har fått tilført, ref. i **punkt 7.9 i departementets veileder** «Utgifter til sammenslåing av kirkelige fellesråd dekkes innenfor departementets støtte til dekning av kommunenes engangskostnader i reformen»

Kyrkjeleg fellesnemnd søker kommunal fellesnemnd om ei rammeløyving på

kr 2.944.000

for heile prosjektperioden frå og med november 2017 til og med desember 2019.

Grunnlaget for ramma ligg vedlagt søknaden. Der vil ein sjå korleis kostnadane fordeler seg. Vedlagt søknaden ligg også prosjektplanen for samanslåing av fellesråda.

Følgjande er viktig i samanslåingsprosessen

- Kulturbygging, harmonisering og hensiktsmessig drift og organisering.
- Digitale system og IKT løysingar som gir effektiv drift og publikumshandsaming.

Det er også innanfor desse områda at kostnaden med samanslåinga er størst.

Det er 3 stabar med i overkant av 50 medarbeidarar, fleire kyrkjelege råd, frivillige medarbeidarar, kyrkjebygg og gravplassar som skal samlast i ein ny organisasjon.

Reknar me med alle frivillige medarbeidarar og rådsmedlemer som også vert ein del av samanslåinga er det snakk om rundt 400 personar som skal finne saman, både i små og store samanhengar. Den norske kyrkja i Fjell, Sund og Øygarden tener eit publikumstal tilsvarande folketalet i dei tre kommunane.

Det er viktig at det kyrkjelege systemet ikkje vert hengande etter i samanslåinga av dei tre kommunane. Det er viktig å få til ein god samanslåingsprosess slik at organisasjonen møter førebudd den nye tida ved inngangen til 2020.

For å få dette til er det naudsynt med ein prosjektorganisasjon som arbeider jamleg med samanslåinga. Prosjektorganisasjonen er henta frå dagens drift slik at mannskapet kan brukast alternativt mellom prosjekt og drift. Dette er mest kostnadseffektivt. Det er fylt på med administrative ressursar i engasjement for å dekke inn bortfall (i drift) av mannskapet som arbeider med samanslåinga.

Det har vore gode relasjonar mellom kommunane og kyrkja i dei tre kommunane. Me ser fram til eit godt samarbeid i prosjektfasen i nye Øygarden kommune.

Med helsing
kyrkjeleg fellesnemnd

Harald Rød
Leiar i kyrkjeleg fellesnemnd

Olav Martin Vik
Prosjektleder

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg

Mottakere:
Kommunal fellesnemnd



Framlegg til budsjett for samanslåing av fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden - Vedtak i kyrkjeleg fellesnemnd 18.10.2017 sak 7/17.

Aktivitet/tiltak	2017	2018	2019	Sum heile perioden
Prosjektorganisasjon				
Prosjektorganisasjon, alle funksjonar	70 000	720 000	720 000	1 510 000
Husleige for prosjektorganisasjonen	20 000	60 000	60 000	140 000
IKT - prosjektorganisasjonen	5 000	10 000	10 000	25 000
Rekneskap for prosjektorganisasjonen	2 000	5 000	5 000	12 000
Kurs for prosjektorganisasjonen	15 000	15 000	15 000	45 000
Reisekostnadar	3 000	10 000	10 000	23 000
Revisjon av rekneskap prosjektorganisasjonen		2 000	2 000	4 000
Sum delkostnad prosjektorganisasjon	115 000	822 000	822 000	1 759 000

Kyrkjeleg fellesnemnd

Godtgjersle og møtgodtgjersle	30 000	85 000	85 000	200 000
Køyring og reiser	5 000	15 000	15 000	35 000
Fagleg bistand, eksterne ressursar		15 000	15 000	30 000
Frikjøp tillitsvalde		15 000	15 000	30 000
Sum delkostnad kyrkjeleg fellesnemnd	35 000	130 000	130 000	295 000

Kulturbygging 3 stabar, råd og frivillige

Kostnadar med fellessamlingar og kurs		110 000	45 000	155 000
---------------------------------------	--	---------	--------	---------

IKT, post, sak, telefoni, rekneskap (nye system)

Harmonisering og analyse av behov		45 000		45 000
Nye system innført frå og med 06 /19			380 000	380 000
System for post, arkiv, sakshandsaming frå 06/19			35 000	35 000
Telefoni frå 06/19			55 000	55 000
Rekneskap og løn frå 06/19			30 000	30 000
Sum delkostnad nye system		45 000	500 000	545 000

Bygg og anlegg

Tilstandsvurdering av kyrkjer, gravplassar,		120 000		120 000
Varmestyring av kyrkjer, utgreiing		45 000		45 000
Kontorlokale, utgreiing		25 000		25 000
Sum delkostnad bygg og anlegg		190 000		190 000

Sum kostnad	150 000	1 297 000	1 497 000	2 944 000
--------------------	----------------	------------------	------------------	------------------

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
45/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	11.12.2017

Korleis sikre ein god samanslåingsprosess? - Tilbakemelding og konkretisering av suksesskriterium

Samandrag av saka:

I møtet 30. oktober drøfta fellesnemnda saka første gongen. I saka vart det referert til ei rekkje suksesskriterium innan seks hovudområde. Døma er henta frå Asker kommune. Fellesnemnda tok saka til orientering, men ønskte samstundes ei statusoppdatering av framdrift per d.d. (desember 2017) knytt opp til suksesskriteria. Prosjektlear prøver å innfri dette med ei forenkla skjematisk framstilling i saka. Samstundes vert det lagt opp til ein ytterlegare runde på nyåret der prosjektlear legg fram indikatorar til suksesskriteria.

Innstilling:

1. Fellesnemnda tek statusoppdatering til orientering.
2. Fellesnemnda ber om at prosjektlear konkretiserer innhaldet i suksesskriteria ved å utarbeida måleindikatorar for kvart suksesskriterium.

Straume, den 04.12.2017

Paul J. Manger
Prosjektlear

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Sakshandsaming og vedtak i fellesnemnda 20. november 2017 – sak 34/17

Fellesnemnda diskuterte saka om samanslåingsprosessen og det kom fleire signal om å få saka opp på nytt, i forenkla og skjematisk utgåve, med omskriving og konkretisering av dei einskilde punkta lista opp under suksesskriteria.

Fellesframlegg om nytt tilleggspunkt 2) v/ Kari-Anne Landro:

2. Fellesnemnda meiner at saka om suksesskriterium er eit godt utgangspunkt for samanslåingsprosessen, men ynskjer ei meir skjematisk oversikt med status for oppnådde mål og vidare arbeide og ei konkretisering av kva som ligg i dei einskilde punkta under suksesskriteria, til eit seinare møte.

Innstillinga punkt 1, med nytt tilleggspunkt 2, vart samrøystes vedteken. Prosjektleder Paul J. Manger viste til at saka vil kome opp igjen på ny til fellesnemnda.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

1. Fellesnemnda tek saka til orientering.

2. Fellesnemnda meiner at saka om suksesskriterium er eit godt utgangspunkt for samanslåingsprosessen, men ynskjer ei meir skjematisk oversikt med status for oppnådde mål og vidare arbeide og ei konkretisering av kva som ligg i dei einskilde punkta under suksesskriteria, til eit seinare møte.

Effekt mål og resultat mål for samanslåingsprosessen (slik som presentert i første saka)

EFFEKT MÅL

Nye Øygarden kommune – i drift frå 01.01.2020 med alle viktige element på plass.



RESULTAT MÅL

Ein heilskapleg organisasjonsstruktur er etablert.	Driftsforstyringar er minimert.	Kommunane sine prosessar er vidareutvikla og forbetra.	Synergjar er realisert og utnytta.
--	---------------------------------	--	------------------------------------



SUKSESSKRITERIUM FOR MÅLOPPNÅING I SAMANSLÅINGSPROSESSEN

Ein kompetent prosjektorganisasjon med tydeleg mandat.	Kontroll på samanslåingsprosessen og leveransane til denne.	Endringsleiing.	Involvering og kommunikasjon.	Innovasjon.	Ressurs-optimalisering.
--	---	-----------------	-------------------------------	-------------	-------------------------

Skjematisk oversikt - suksesskriterium

Prosjektleiari har omformulert fleire kriterium. Nokre er også fjerna. Det er viktig å presisera at desse suksesskriteria gjeld for arbeidet i prosjektorganisasjonen i 2018 og 2019. Svara i merknadsfeltet til høgre er eit forenkla svar på status i arbeidet slik prosjektleiari ser det per desember 2017.

1) Ein kompetent prosjektorganisasjon med tydelege roller og mandat

SUKSESSKRITERIUM	STATUS DES. 2017 - MERKNADER
Tydelege roller og mandat til politisk nivå og administrasjon i prosjektet.	Etablert.
Definera ein tydeleg visjon frå dag ein for «Nye Øygarden kommune».	«Nye Øygarden kommune – eit fyrtårn i vest».
Utarbeida ein realistisk prosjektplan med klare mandat for alle delprosjekt.	Framdriftsplan er vedteken av fellesnemnda.
Tilsetta prosjektleiari tidleg.	Tilsett frå 1. september 2017.
Etablere ny politisk og administrativ struktur tidleg.	Etablert og i arbeid.
Få på plass kompetente prosjektmedarbeidarar og fristilla desse (delvis) frå driftsoppgåver.	Etablert og i arbeid.
Sikra tilstrekkeleg opplæring og støtte til prosjektorganisasjonen.	Etablert og i arbeid.

2) Kontroll på samanslåingsprosessen og denne sine leveransar

SUKSESSKRITERIUM	STATUS DES. 2017 -MERKNADER
Sikra ein føreseieleg prosess gjennom god prosjektstyring og prosjektleiing.	Er i ferd med å få på plass prosjektstyringsverktøy.
Sikra effektiv og praktisk bruk av planleggings- og rapporteringsverktøy.	Er i ferd med å få på plass prosjektstyringsverktøy.
Vurdera og handtera risikoar og utfordringar til ei kvar tid.	Vert fortløpande vurdert.
Jobba kontinuerleg med rapportering for å sikra realisering av målsettingar.	Fortløpande vurdert gjennom prosjektvurderingsverktøy.
Sikra god økonomistyring i prosessen med samanslåing.	Følgd opp jamleg.
Kontroll og koordinering av framdriftsplanen.	Følgd opp jamleg.

3) Endringsleiing

SUKSESSKRITERIUM	STATUS DES. 2017 - MERKNADER
Sikra god omstilling av personell.	Prosess etablert.

Sikra at personal- og organisasjonsfunksjonane er godt førebudde med nok ressursar og rett kompetanse.	Etablert og under vurdering.
Identifisera og erkjenna kulturelle skilnader på eit tidleg tidspunkt, og jobba med å skapa ein ny felles kultur.	Etablert arbeidsgruppe.
Sikra at involverte leiarar har kapasitet til å handtera omstillinga samstundes som drifta vert ivareteke.	Sikra god kontakt med rådmennene i dei tre kommunane. Etablert.

4) Involvering og kommunikasjon

SUKSESSKRITERIUM	STATUS DES. 2017 - MERKNADER
Kommunikasjon er prega av openheit, respekt og truverde.	Er etablert, jamfør vedteken kommunikasjonsplan.
Sikra likskap og balanse og involvering av alle tre kommunar.	Er etablert, jamfør vedteken intensjonsplan.
Sikra tilstrekkeleg kommunikasjon til rett tid til ulike interessegrupper.	Er etablert, jamfør vedteken kommunikasjonsplan.
Innbyggjarmedverknad i dei delane av samanslåingsprosessen der dette er nødvendig eller naturleg.	Etablert. Arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet.
Etablera ei «vi/me-kjensle» i Nye Øygarden kommune.	Etablert. Jamfør vedteken kommunikasjonsplan.
Involvering av tillitsvalde.	Etablert. Jamført partsamansett utval, drøftingsmøte, informasjonsmøte og rådslaging.
Kommunikasjon tilsette.	Tiltak i planlegging.

5) Innovasjon

SUKSESSKRITERIUM	STATUS DES. 2017 - MERKNADER
Digitalisering for å oppnå forenkling, fornying og effektivisering til beste for innbyggjarane.	Etablert og i arbeid.
Digitalisering for og etablera framtidens administrative form for samhandling.	Etablert og i arbeid.
Ta i bruk oppdatert teknologi og moderne utforming i utviklinga av tenestene.	Etablert og i arbeid.
Vidareutvikla og etablera dei beste og mest oppdaterte metodar og verktøy for samfunns- og næringsutvikling.	Etablert og i arbeid.
Henta det beste frå kommunane sine system og skapa «beste praksis».	Etablert og i arbeid.

6) Ressursoptimalisering (maksimal utnytting av ressursane)

SUKSESSKRITERIUM	STATUS DES. 2017 - MERKNADER
I arbeidet med sektor- og temaplanar – utarbeida mål for tenesteyting og strategiar for optimal resursutnytting på tvers av dei tre kommunane.	Arbeidsplan 2018.
Overordna organisering av tenestetilbodet i samsvar med mål og strategiar.	Arbeidsplan 2018.

Bemanningsplanar som er tilpassa overordna organisering. Utvikla nye arbeidsprosessar tilpassa ny organisering og bemanning.	Arbeidsplan 2018.
Utvikla nye arbeidsprosessar tilpassa ny organisering og bemanning.	Arbeidsplan 2018.
Etablere tenlege indikatorar for ressursbruk.	Arbeidsplan 2018.

Vurdering:

Administrasjonen har gått gjennom alle kriteria. Svare i statusfeltet er korte. På fem av seks område meiner prosjektleiar at me er i god rute. Aktivitetar og handlingar er sett i verk og prosessane er i gang. Innan feltet «Ressursoptimalisering» står dette på arbeidsplanen for 2018.

Prosjektleiar vil peika på ei rekkje overordna hovuddokument, planar og tiltak som samla sett gjev svar og peikar ut retning om vegen vidare. Desse dokumenta omtalar m.a. visjon, mandat, mål, roller, tidsfristar og framdrift m.m. Alt dette gjev grunnlag for å vurdere kor langt me har kome per desember 2017.

Nokre viktige planar/dokument/vedtak/prosjekt/utval m.m.:

- Vedteken intensjonsavtale
- Vedteken kommunikasjonsplan (i førebels 3 fasar)
- Vedteken milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune (fortløpande revidert)
- Nedsetting av politiske utval:
 - Politisk utval for eigarskap
 - Politisk utval for politisk styringsstruktur
- Nedsetting av partssamansett utval
- Oppnemning av arbeidsgruppe – lokaldemokrati og identitet
- Ulike delprosjekt til førebuande fellesnemnd (personal, eigarskapsmeldingar m.m.)
- Andre prosessar som felles IKT, redning- og brannvesen, arkiv m.m.

Prosjektleiar ønskjer også å ta saka eit steg vidare ved å konkretisera innhaldet i suksesskriteria. Fellesnemnda etterspurte tydelegare svar. Me kan oppnå dette ved å utarbeida måleindikatorar for kvart suksesskriterium. Dermed vert det lettare å måla og dermed gje ei korrekt tilbakemelding på måloppnåing (resultatmål).

Døme på korleis suksess kan målast (utan at dette er det «endelege svaret» på dette suksesskriteriet):

SUKSESSKRITERIUM	INDIKATORAR
Kommunikasjon er prega av openheit, respekt og truverde.	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vedteken kommunikasjonsplan. 2. Oppretting og drift av heimeside (NØK). 3. Jamleg informasjon/aktuelt på nettsidene til kommunane. 4. TV-overføringar (via nettet) av møta. 5. Bruk av sosiale medium. 6. Materiell som brosjyre/foldar/roll-up o.l. 7. Pressemeldingar, pressekonferanse og mediekontakt. 8. Informasjon til leiarar og tilsette i kommunane. 9. Folkemøte/open dag/tankesmie/framtidsseminar. 10. Annonsering. 11. Informasjonspakke (faktaark, presentasjon). 12. Promoteringsfilm for regionen. 13. Tiltak som «samlar» regionen; Kystpasset.

Å utarbeida tilsvarande indikatorar for alle suksesskriteria er eit krevjande arbeid. Dette må vurderast opp mot ressursar tilgjengeleg i prosjektorganisasjonen. Indikatorane må vera konkrete, handfaste og gje eksakt og spesifikk informasjon om leveransar knytt til volum, tid (frist), kvalitet m.m. I sum skal indikatorane kunna vektast (positivt eller negativt) slik at målet som det einkilde suksesskriterium omtalar kan konkluderast som innfridd eller ikkje. Ulike tolkingar av svarresultata må òg vurderast i eit slikt omfattande arbeid.

Prosjektleiari ser føre seg at dette vert presentert i ei ny sak for fellesnemnda i januar- eller februararmøtet i 2018.

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
46/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	11.12.2017

Arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet

Samandrag av saka:

Det vart i møte i fellesnemnda 20. november, sak 35/17 Lokaldemokrati og identitet - oppnemning av arbeidsgruppe, vedteke å oppretta ei eiga arbeidsgruppa for Lokaldemokrati og identitet.

Styret konstituerte seg sjølv i arbeidsgruppa sitt første møte den 28. november 2017. Tom Georg Indrevik vart vald til leiar, og Christel Møvik-Olsen til nestleiar. Oppgåva som referent går på omgang.

På bakgrunn av drøftinga i arbeidsgruppa sitt møte fekk kultursjefane/-leiarane i oppgåve å peika ut nokre viktige spørsmål knytt til korleis skapa denne fellesskapskjensla på ein god måte. Eit mål med ein slik prosess må og vera å styrka kjensla av lokaldemokrati, og soleis setje fokus på god medverknad.

Denne saka stiller difor nokre spørsmål som har som mål å utfordra fellesnemnda til å peika ut ein veg fram mot ein slik god prosess.

Innstilling:

1. Fellesnemnda tar saka til orientering, med følgjande tilleggsmerknader basert på tiltak og spørsmål presentert i saka.
 - a)
 - b)
 - c)
2. Fellesnemnda ber om at arbeidsgruppa utarbeider eit framlegg til mandat for arbeidet med lokaldemokrati og identitet. Framlegg til mandat skal òg innehalde eit budsjett for arbeidet som skal gjerast av arbeidsgruppa i tidsperioden desember 2017 -

november 2018. Framlegg til mandat vert lagt fram for fellesnemnda i møte 22. januar 2018.

Straume, den 04.12.2017

Paul J. Manger
Prosjektleder

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Det vart i møte i fellesnemnda 20. november, sak 35/17 *Lokaldemokrati og identitet - oppnemning av arbeidsgruppe*, vedteke å oppretta ei eiga arbeidsgruppe for *Lokaldemokrati og identitet*. Denne arbeidsgruppa består av ein politisk oppnemnd representant frå kvar kommune, samt dei tre kultursjefane/-leiarane i Fjell, Sund og Øygarden. Prosjektleder for kommunesamanslåinga, Paul Manger, samt informasjonsrådgjevar Vagleik Brekke møter ved behov.

Styret konstituerte seg sjølv i første møte den 28. november 2017. Tom Georg Indrevik vart vald til leiar, og Christel Møvik-Olsen til nestleiar. Oppgåva som referent går på omgang:

Medlemmer:

Tom Georg Indrevik (H) – leiar
Christel Møvik-Olsen – nestleiar
Lennart Fjell
Laila Klemetsaune
Kim Dale Eide (AP)
Silvia Haugland (TVØ)

Personlege varamedlemmer:

Andreas Sjalg Unneland (SV)

Elizabeth Toft Erichsen (V)
Aud Karin Oen (SV)

I møtet konstituerte styret seg, og prosjektleder Paul Manger orienterte om saka og kvifor ei slik gruppe kan vera naudsynt. Gruppa hadde vidare ein refleksjon over kva ein såg for seg å arbeida med, og kva tematikk som var viktig. Ein av konklusjonane etter første møte peika på at det er eit behov for å skapa ei fellesskapskjensle hos innbyggjarar, tilsette og politikarar i vår nye kommune/Nye Øygarden kommune.

Tema i drøftinga var mellom anna involvering av den frivillige sektoren, tiltak særleg retta mot nærmiljøet i grendene, korleis ein kan engasjera ungdom som til dømes MOT, merkevarebygging, retorikk, felles arrangement og tiltak, bruk av biblioteka og å sjå tiltaka opp mot intensjonsavtalen og kommunikasjonsplanen.

Ut i frå denne tematikken, fekk kultursjefane/-leiarane, i oppgåve å peika ut nokre viktige spørsmål knytt til korleis skapa denne fellesskapskjensla på ein god måte. Eit mål med ein slik prosess må i tillegg vera å styrka kjensla av lokaldemokrati. Det vart gjort tydeleg at denne arbeidsgruppa skal leggja vekt på å sikra medverknad frå innbyggjarane og ha gode identitetsskapande prosessar fram mot samanslåinga.

Denne saka stiller difor nokre spørsmål som har som mål å stimulera fellesnemnda til å peika ut ein veg fram mot ein slik god prosess. Eit forslag til mandat vert lagt fram for behandling i fellesnemnda den 22. januar. I den saka bør det også leggjast fram eit budsjett for arbeidet i arbeidsgruppa.

Lokaldemokrati, identitet og medverknad

Kultur er ein viktig identitetsskapande faktor, og det må i denne prosessen vera eit mål å skapa vi-kjensla i Nye Øygarden kommune. Difor vert det i denne drøftingssaka teke opp viktige spørsmål som skal inspirera til refleksjon og konkrete tiltak:

1. Lokaldemokrati – Kva tenkjer vi at deltaking, medverknad og lokaldemokrati betyr i denne prosessen vi skal gjennom?
2. Deltaking kan ha mange formål, som til dømes å informera, få informasjon, finna behov, sikra innspel frå dei som ikkje tek kontakt, få idear, forankra, ansvarleggjera befolkninga, auka engasjementet, eller styrka avgjerdsgrunnlaget. Så når bør innbyggjarane involverast? Ønskjer vi å konsultera innbyggjarane, eller å gje dei avgjerdsrett? Korleis profilerer vi oss i dag? Strategisk profilering knytt til identitetsbygging – kva kan vi leggja i det?
3. Arrangement/aktivitetar – Kva aktivitetar og på kva måte skal desse kunna bli ein del av identitetsprosjektet?

Vurdering:

Prosjektleiari si vurdering er at innspela presentert av arbeidsgruppa etter det konstituerande møtet vil danne eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med temaet lokaldemokrati og identitet for den nye kommunen. Arbeidet vert viktig på vegen fram mot å etablere Nye Øygarden kommune. Som del av saksbehandlinga i møte 11. desember vil det vere viktig at fellesnemnda gir arbeidsgruppa i oppgåve å utarbeide eit framlegg til mandat for det vidare arbeidet med lokaldemokrati og identitet, innanfor det tidsperspektivet arbeidsgruppa har fått for arbeidet sitt. Prosjektleiari si vurdering er at mandatet bør innehalde eit budsjett som peiker på ulike tiltak, og kostnader relatert til desse, som kan byggje opp om arbeidet med temaet lokaldemokrati og identitet. Arbeidsgruppa bør halde fram sitt arbeid i tida fram mot at framlegg til mandat vert behandla i fellesnemnda sitt møte i januar 2018.

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
47/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	11.12.2017

Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 11.desember 2017

Samandrag av saka:

Milepelsplanen for prosjekt Nye Øygarden kommune vert oppdatert til kvart møte i fellesnemnda, og likeins etter møta i samsvar med dei vedtak nemnda gjer.

Oppdateringa denne gongen er meir omfattande enn tidlegare. I tråd med fellesnemnda sine ønskje har ein i del 1 av planen- prosjektoversynet - også markert administrasjonen si vurdering av tidspunkt/ tidsperiode for start, arbeidsfase og avslutning for tiltak som p.t ikkje er handsama i fellesnemnda.

Dei andre endringane går fram av teksten i saka.

Innstilling:

Fellesnemnda tek endringar og korrigeringar i milepelsplanen til orientering.

Straume, den 04.12.2017

Paul J. Manger
Prosjektleder

Dokument vedlagt saka:

Milepelsplan til møte i fellesnemnda 11. desember 2017

Saksopplysningar:

Milepelsplanen for prosjekt Nye Øygarden kommune vert oppdatert til kvart møte i fellesnemnda, og likeins etter møta i samsvar med dei vedtak nemnda gjer.

Oppdateringa denne gongen er meir omfattande enn tidlegare. I tråd med fellesnemnda sine ønskje har ein i del 1 av planen- prosjektoversynet - også markert (med fargar) administrasjonen si vurdering av tidspunkt/ tidsperiode for start, arbeidsfase og avslutning for tiltak som p.t ikkje er handsama i fellesnemnda.

Dei andre endringane er gjort slik:

- Prosjekt 12–15: Fargekode i samsvar med vedtak i fellesnemnda. Arbeidet i dei fleste prosjekta er sett i gang.
- Prosjekt 16: Nytt prosjekt i tydinga at delar av tidlegare tekst/innhald i prosjekt 15 er framheva og utdjupa for å få fram omfanget av arbeidet knytt til etablering av ulike arbeidsgrupper.
- Prosjekt 17: Nytt prosjekt som oppfølging av 17.11.2017 frå Fylkesmannen i Hordaland.
- Prosjekt 18: Nytt prosjekt.
- Prosjekt 19–22: Endring i prosjektnummer grunna dei nye prosjekta. Også endring i tidspunkt for gjennomføring.
- Prosjekt 23: Tidlegare prosjekt 25. Også flytta fram når det gjeld tidspunkt for igangsetting.
- Prosjekt 24: Endring i prosjektnummer grunna dei nye prosjekta.
- Prosjekt 25–28: Endring i prosjektnummer grunna dei nye prosjekta. Også endring i tidspunkt for gjennomføring.
- Prosjekt 29: Nytt prosjekt.
- Prosjekt 30: Flytta fram, og endra i teksten (endring markert med blå skrift). Også endring i tidspunkt for gjennomføring.
- Prosjekt 31: Nytt prosjekt.
- Prosjekt 32: Endring i prosjektnummer og tidspunkt for gjennomføring.
- Prosjekt 33: Endring i prosjektnummer.

Merk: Nye prosjekt, endringar i prosjektnummer/plassering, -tidspunkt for gjennomføring, og mindre endringar i teksten er markert med **lilla skrift** i tekstdelen.

Vurdering:

Milepelsplanen er meint å vere eit levande verkty for alle som arbeider aktivt med prosjekt Nye Øygarden kommune. Fleire tilbakemeldingar tyder på at dette i aukande grad også gjeld for dei tilsette i dei tre kommunane.

Dette er både gledeleg og utfordrande, og krev jamleg oppdatering og utvikling av planen. Prosjektleiaren er takksam for alle innspel og synspunkt i den samanheng.



MILEPELSPLAN

Til møte i fellesnemnda 11. desember 2017

Adm. Framl Pol vedteke
■ Start/avslutning ■ Start/avslutning
■ Under arbeid ■ Under arbeid

Prosjektområde	2017		2018				2019				2020
	3. kv	4. kv	1. kv	2. kv	3. kv	4. kv	1. kv	2. kv	3. kv	4. kv	
Etablere/ utvikle/tilpasse prosjektorganisasjon											
1. Konstituering av fellesnemnda											
2. Modell for organisering av prosjekt Nye Øygarden											
3. Budsjett for prosjektperioden											
4. Partsamansett utval											
5. Utval for ny politisk styringsstruktur											
6. Utval for arbeid med eigarskapsmodell											
7. Mandat for prosjektarbeidet											
8. Milepelsplan											
9. Digitaliseringsprosjekt KS/deltaking og finansiering											
10. Valkomite for fellesnemnda											
11. Kommunikasjonsplan											
12. Risikovurderinger knytt til samanslåingsprosessen											
13. Lokaldemokrati og identitet											
14. Ny Matrikkel											
15. Omstillingsavtale. Samordn. av ulike personalvilkår											



16. Arbeidsgrupper; personalfeltet og tenesteområda												
17. Vurdering av vedtekte budsjet i kommunane												
18. Organisere arbeidet med kommunevalet 2019												
19. Støtnadsordningar for prosjektet												
20. IKT og infrastruktur. Samordna løysingar og system												
21. Samordning og koordinering av ulike fagsystem												
22. Framtidig pensjonsordning												
23. Administrativ organisering												
24. Samordning av kommunale gebyr												
25. Utgreie konsekvensar av eigedomsskatt												
26. Plan for framtidige planoppgåver												
27. Etablere kunnskapsklynge												
28. Kommunal infrastruktur. Kartlegging og vurdering												
29. Overføring av regionale og statlege arb.oppgåver												
30. Val av revisor for Nye Øygarden kommune												
31. Val av sekretariat for kontrollutvalet												
32. Tilsetting av rådmann for nye Øygarden kommune												
33. Budsjet for nye Øygarden kommune												



Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid
1	Konstituering av fellesnemnda	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda /drøfting og vedtak	2.oktober 2017
2	Modell for organisering av prosjektet- politisk og administrativt	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/drøfting og vedtak	2.oktober 2017
3	Budsjett for prosjektperioden. Skisse	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting	2.oktober 2017
4	Oppnemne partssamansett utval	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017
5	Oppnemne utval for å arbeide fram politisk styringsstruktur i den nye kommunen. Inkl utarbeiding av nytt delegasjonsreglement. Inkl. vedtak av mandat*)	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017 / *30.okt.2017
6	Oppnemne utval for å vurdere eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i den nye kommunen. Inkl. vedtak av mandat*)	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017 / *30.okt.2017
7	Mandat for prosjektarbeidet	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017
8	Milepelsplan. System for kontinuerleg oppdatering av arbeidet med å skipa nye Øygarden kommune. Utvikling av innhald og framdrift i heile prosjektperioden i nært samarbeid mellom fellesnemnda og prosjektleder.	Prosjektleder/ saksframlegg og kontinuerleg ajourhald og oppdatering	Fellesnemnda/ drøfting og tilbakemeldingar	Første gong 2.oktober 2017
9	Digitalisering. Prosjekt i regi av KS. Førespurnad om deltaking i finansiering	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober / 30.oktober



				2017
10	Etablere eigen valkomite for fellesnemnda	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	30.oktober 2017
11	Utarbeida kommunikasjonsplan. Prioritera fortløpande informasjon og kommunikasjon mellom fellesnemnda, prosjektleiinga og innbyggjarane	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	30.oktober 2017
12	Risikovurderingar for arbeidet med å slå saman dei tre kommunane. Gjennomgang og vurdering av risiko i arbeidet med å etablere Nye Øygarden kommune.	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og godkjenning av mandat for arbeidet	20.november 2017
13	Lokaldemokrati og identitet. Ei gruppe samansett av tre politikarar og dei tre kulturleiarane i kommunane får i oppgåve å sjå på tiltak for å bygge lokaldemokratiske ordningar og identitet i Nye Øygarden kommune.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	20.november 2017
14	Ny matrikkel. Prosjekt i samsvar med Kartverket sin prosjektplan for arbeid med ny matrikkel i nye kommunar. Administrativ arbeidsgruppe	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat.	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	20.november 2017
15	Omstillingsavtale. Partsamansett utval (PSU) har nedsett ei arbeidsgruppe for arbeid med avtalen der dei tre personalsjefane, fire repr. frå hovudsamanslutningane og eit hovudverneombod er med. Arbeidsgruppa sitt framlegg er planlagt handsama i PSU 20.februar og i fellesnemnda 19.mars 2018	Prosjektleder/ Saksframlegg m/mandat	Partsamansett utval: drøfting. Fellesnemnda: vedtak	21.november 2017/ 20.februar 2018/ 19.mars 2018
16	Arbeidsgrupper innan personalfeltet og tenesteområda. Det vil verte etablert arbeidsgrupper knytt til lønspolitikk, partssamarbeid og kompetanse og utvikling. I tillegg arbeidsgrupper knytt til dei ulike tenesteområda.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Partsamansett utval	10.januar 2018
17	Vurdering av vedtekne budsjett i Øygarden, Sund og Fjell i samsvar med brev av 17.11.2017 frå Fylkesmannen i Hordaland.	Prosjektleder/ Saksframlegg	Fellesnemnda/drøfting og vedtak	11.desember 2017



18	Organisera arbeidet med kommunevalet i 2019	Prosjektleder/ Saksframlegg	Fellesnemnda/drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
19	Avklare aktuelle stønadsordninger for prosjektet. Finne og vurdere statlege og evt. andre ordningar som ein kan søkje om eller på andre måtar gjere seg nytte av. Både økonomiske, kompetansemessige e.a.	Prosjektleder/ saksframlegg eller orientering	Fellesnemnda/ Informasjon	1.kvartal 2018
20	IKT og infrastruktur. Utvikling av samordna system for heile den nye kommunen. Oppfølging av tidlegare kartlegging av IKT-systema i kvar av kommunane. Administrativ arbeidsgruppe, inkl. tillitsvalde	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
21	Samordning og koordinering av ulike fagsystem, herunder arkivsystem, system for internkontroll m.v. Alle fagområde. Administrativ arbeidsgruppe m/tillitsvalde	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
22	Avklare framtidig pensjonskasseordning med sikte på samordning Jfr tidlegare kartlegging i regi av førebunde fellesnemnd. Arbeidsgruppe m/tillitsvalde.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
23	Utvikle administrativ organisasjonsmodell. Inkl lokalisering av arbeidsplassar og –funksjonar, også dei kommunale NAV-tenestene. Jfr s.7 i Intensjonsavtalen. Administrativ arbeidsgruppe koordinert med administrativ gruppe for omstillingsavtale.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
24	Samordning av kommunale gebyr for alle prissette tenester som t.d byggesak, kart og oppmåling, renovasjon m.v. Arbeidsgruppe.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
25	Utgjeire konsekvensar av eigedomsskatt på verk, bruk og næring. Jfr «Eigedomsskatt» i kap.10 i Intensjonsavtalen. Politisk arbeidsgruppe	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018
26	Plan for igangsetting av arbeidet med framtidige planoppgåver med særleg prioritet. Vurdera innhald, tidspunkt for oppstart, organisering m.v planer og	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018



	planformer som vil ha særleg relevans i høve ny storkommune. T.d kommuneplanen sin samfunnsdel, kommuneplanen sin arealdel, felles kulturplan m.v. Arbeidsgruppe			
27	Etablere kunnskapsklynge for aktuelle næringar og verksemder. Sjøast i samanheng med etablering av ny vidaregåande skule og høgskuleutdanning. Politisk arbeidsutval	Prosjektleiari/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018
28	Kartlegging og vurdering av kommunal infrastruktur Kartlegga noverande infrastruktur som bygg, anlegg, køyrety og anna utstyr. Vurdera vidare bruk. Arbeidsgruppe	Prosjektleiari/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018
29	Overføring av regionale og statlege arbeidsområde.	Prosjektleiari/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	3.kvartal 2018
30	Val av revisor i Nye Øygarden kommune Jf reglement for fellesnemnda.	Prosjektleiari/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	3.kvartal 2018
31	Val av sekretariat for kontrollutvalet	Prosjektleiari/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	3.kvartal 2018
32	Tilsetting av rådmann i nye Øygarden kommune. Jf Inndelingslova og vedteke reglement for fellesnemnda. Politisk utval utarbeider framlegg til premissar for prosess m.v	Prosjektleiari/ saksframlegg om etablering av utval, inkl. mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	4.kvartal 2018
33	Førebu budsjett for Nye Øygarden kommune. Jf §26 i Inndelingslova. Årsbudsjett for første driftsår, økonomiplan, investeringsbudsjett og handlingsprogram. Politisk utval med ansvar for utarbeiding av framlegg til budsjett- og plandokument	Prosjektleiari/ saksframlegg om etablering av utval, inkl. mandat	Fellesnemnda, drøfting og vedtak	1.kvartal 2019



MILEPELSPLAN

--	--	--	--	--